



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Barn- og familieteam	Else Magrethe Totland Aarland			
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	22/455	Klassering:	

### Tilstandsrapport for Osterøy barnevern 2021

#### Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

## Tilstandsrapport

Osterøy barnevernteneste 2021.



## Innhold

Tilstandsrapport .....	1
1. Oppsummering .....	3
2. Om barnevern.....	3
3. Verksemda .....	3
3.2 kompetanse .....	4
4. Temaområder .....	4
4.1 Bakgrunnsinformasjon/demografi/økonomi .....	4
4.2.3 Meldaren .....	6
4.2.4 Henleggelse .....	6
4.2.5. Opplysningsplikt .....	6
4.3 Undersøking.....	7
4.3.1 Fristar .....	7
4.3.2 Medverknad.....	8
4.3.3 Utfall av undersøking.....	8
4.4 Akutt plasseringar.....	8
4.5 Tiltak .....	8
4.5.2 Tiltaksplan.....	9
4.7 Ettervern .....	9
5. Utfordringsbildet.....	10
7. Innsatsområder.....	11

## 1.0 Oppsummering

Rapporten vil gje oversikt over barnevernet sin aktivitet i 2021 knytt til meldingar, undersøkingar, tiltak, kvalitet, bemanning, kompetanse og økonomi.

## 2.0 Om barnevern

Barneverntenesta er ei lovpålagt teneste som gjev rettighetsfesta hjelp og tiltak til barn og familien deira. Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling, får naud synt hjelp, omsorg og vern til rett tid.


Barneverntenesta skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing, og at alle barn og unge får gode og trygge oppveksttilhøve (jf. lov om barneverntenester § 1-1.)

Barneverntenesta har ansvar for å avdekke omsorgssvikt, åtferdsproblem, sosiale og emosjonelle vanskar så tidleg som mogleg. Dette på bakgrunn av at tidleg innsats gjev gode moglegheiter for positiv endring til det beste for barnet og familien. Tiltak skal setjast inn for å unngå varige problem.

### Organisering av tenesta

Barneverntenesta er organisert under Familiens hus, som er eit tverrfagleg tilbod til både innbyggjarar og fagetatar i Osterøy kommune. Familiens hus består av Barn og Familieteamet, PPT, barneverntenesta og helsestasjon. Familiens Hus er organisert under Sektor for oppvekst, undervisning og kultur.

Barneverntenesta har 9 stillingar: 8 sakshandsamarar og leiar.



### Samarbeidspartnarar

Barneverntenesta har ei brei kontaktflate med avtalar med fleire sentrale samarbeidspartnarar, og har ei målsetting om å stadig utvide dette til det beste for brukarane. Barneverntenesta har samarbeidsavtalar med dei andre tenestene innafor Familiens hus.

Barneverntenesta har formelt samarbeid med:

- BUP Åsane
  - o Samarbeidsmøte ein gong i halvåret
- Barnevernsvakta
  - o Samarbeidsavtale, dialogmøte og opplæring
- Osterøy integrering og opplæringscenter
  - o Samarbeid i einskildsaker
- Krisesenteret for Bergen og omeng.

Barneverntenesta samarbeider i tillegg med:

- Politi
- Barnehuset
- NOK (Kompetansesenter mot seksuelle overgrep, tidlegare SMISO)
- DPS
- Bjørgvin Familievernkontor
- Stine Sofie senteret
- Aktiv oppfølging
- Intro DA
- Bufetat

Barneverntenesta deltek i:

- o Utviklingsteam i skuler og barnehagar der dette er etablert
- o Konsultasjonsteam

Leiar for barneverntenesta deltek i vekentlege møter med PPT, Barn og familieteamet, helsestasjon og leiar for Familiens Hus.

### **Barnevernsvakta i Bergen**

*Barnevernsvakta* skal yte barnevernfaglig hjelp til Osterøy kommune utanom barneverntenesta si ordinære arbeidstid. Dette fører og med seg uttrykking alle dagar, samt kontrollbesøk hjå familiar kor barneverntenesta ser trong for det. Dette framgår av avtale inngått med Bergen bystyre for perioden 01.04.21 - 31.12.21.

*Barnevernsvakta* har i 2021 vorte kontakta 17 gonger kring konkrete barn eller familiar. Til saman 10 barn var involverte. Sakene kom for det meste inn våren 21. Henvendingane er både frå offentlege og private partar.

Barnevernsvakta har i perioden og motteke 8 anonyme henvendingar. Det har hovudsakleg vore telefoner frå foreldre eller andre som ber om råd.

### 3.0 Presentasjon av verksemda

Barneverntenesta sitt ansvarsområde er regulert i Lov om barnevernteneste av 17. juli 1992 med forskrifter. Barnevern-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har eit overordna ansvar for barnevernet, Medan forvaltninga av barnevernet er lagt til den kommunale barneverntenesta og staten ved Barne-, ungdoms og familieetaten (Bufetat).

I Osterøy kommune har rådmann delegert til barnevernleiar å utføre dei oppgåver som er lagt til kommunen i barnevernssaker. Barnevernleiar sin nærmaste leiar er leiar for Familiens hus, men fullmakt til å fatte vedtak i barnevernssaker er delegert frå rådmann og direkte til barnevernleiar.

Barneverntenesta i Osterøy har 9 stillingar: leiar i 100 % stilling, og 8 sakshandsamarar. Vidare er oppfølging av tilsyn i fosterheimar og refusjon lagt til personar i anna teneste i kommunen (Barn og familieteamet).

Barneverntenesta har det siste året gjort interne endringar i høve ansvarsfordeling. Dette på bakgrunn av at tenesta har gått frå å vere generalistar til at ein er organisert i to team: Undersøkingsteam og Oppfølgingsteam. Desse teama har fram til mai 2021 hatt kvar sin teamleiar. Dette har vist seg å vere eit viktig og effektivt tiltak for at barneverntenesta skal kunne løyse oppgåvene i tråd med lov og forsvarlegheit, samt at ein med denne organiseringa har fått auka høve til å driva utviklingsarbeid.

Barneverntenesta har delteke på kompetansehevingsprogrammet "Tenestestøtteprogram" i regi av Statsforvaltaren. Som eit resultat av deltakinga har tenesta utarbeida "Utviklingsplan for tenesta".

#### **Mål for barneverntenesta i Osterøy kommune 2021:**

##### *Hovudmål:*

*Barneverntenesta i Osterøy kommune skal setje inn rett tiltak til rett tid for born som lever under tilhøve som kan skade dei eller skade deira utvikling.*

*Barneverntenesta skal jobbe strukturert og målretta i alle ledd av ein barnevernsak, og aktivt nytte planar som eit styringsverktøy i det faglege arbeidet.*

Delmåla for 2020 har vorte vidareført i 2021. I tillegg til desse måla har det vore arbeid etter måla i "Utviklingsplan" som eit resultat av deltaking i Tenestestøtteprogrammet, og Aksjonsplan som har vorte utarbeidd av ei samla barnevernteneste med bistand frå Bedriftshelsetenesta.

Delmål 1: Undersøkingar skal gjennomførast innan 3 månader.

Delmål 2: Barnet sin stemme skal kome tydeleg fram i alle vedtak og det skal dokumenterast korleis denne har vorte vektlagt.

Delmål 3: Om barnet er 6 år eller har byrja på skulen skal alle tiltaksplanar for hjelpetiltak utarbeidast saman med barnet.

## 4.0 Temaområde

### 4.1 Bakgrunnsinformasjon/demografi

Tala i tabellen under er henta frå *Kommunebarometeret*. (Sjå lenke under.) Kommunebarometeret, og omtale som kommune-NM, er ei samanstilling og rangering av kommunale tenestetilbod basert på ei rekkje faktorar. Kommunebarometeret vert publisert av KS-egde "Kommunal Rapport" og resultatata for 2020 kom i august 2021.

Indikator	Bakgrunnsinformasjon	Verdi for Osterøy (%)	Verdi for fylke (%)
1.	Barn i folkesetnaden (2020)	22,7	21,4
2.	Barn som bur i lavinntektsfamiliar (2020)	10,5 (2019)	11,1
3.	Barn med bekymringsmelding i forhold til barnefolkesetnaden (2020)	6,1	4,1
4.	Enslige forsørgjarar med born under 18 år (2020)	13,8	15,2
5.	Del i folkesetnaden med utdanning utover grunnskule (2019)	70,2	76,0
6.	Utgifter til førebygging, Helsestasjon og skulehelseteneste pr. Innbyggjar 0-17 år (2020)	3 136 kr	3 318 kr
Indikator	Dekkingsgrad og kapasitet	Verdi for Osterøy (%)	Verdi for fylke (%)
1.	Barn med barneverntiltak i høve innbyggjarar i aldersgruppa 0-17 år (2020)	4,9	3,9
2.	Barn med undersøking i høve talet på innbyggjarar i aldersgruppa 0-17 år (2020)	6,6	3,9
3.	Barn som bur utanfor heimen i løpet av året i høve talet på innbyggjarar 0-17 år (2020)	1,1	1
4.	Talet på born med hjelpetiltak i heimen av alle barn med tiltak 0-17 år (2020)	78,4	72,5
5.	Tal på barn med undersøking eller tiltak per årsverk sakshandsamar(2020)	17 barn	14 barn
Indikator	Kvalitet	Verdi for Osterøy (%)	Verdi for fylke (%)

1.	Barn i fosterheim som ikkje har fått oppfølging i tråd med lovkrav ( første halvår 2021)	0	7,8
2.	Tilsynskrav i fosterheim som ikkje er oppfylt (fyrste halvår 2021)	0	12,4
3.	Fristbrot i undersøkingar (2021 første halvår)	0	5,4
4.	Tal på stillingar i barnevernstenesta per 1000 Barn 0-17 år (2020)	5	5,2
5.	Barn i hjelpetiltak med tiltaksplan (2021 første halvår)	88,9	94,3
6.	Barn i hjelpetiltak med evaluert tiltaksplan (2021 første halvår)	79,6	87,4

Tal henta frå [Barnevern kommunemonitor \(bufdir.no\)](https://bufdir.no)

## 4.2 Meldingar

Barneverntenesta skal snarast, og seinast innan ei veke, gjennomgå innkomne meldingar og vurdere om meldinga skal følgjast opp med undersøkingar etter bvl. § 4-3.

I 2021 mottok barneverntenesta 157 nye meldingar, fordelt på 103 første halvår og 54 andre. Tenesta stiller seg undrande til den markante nedgangen i bekymringsmeldingar andre halvår. 25 meldingar var meldingar i pågåande undersøking, medan 24 var meldingar i pågåande tiltakssakar. 14 meldingar vart henlagte på bakgrunn av barneverntenesta sine vurderingar.

### 4.2.3 Meldaren

For at barnevernstenesta skal ha moglegheit til å gje barn og unge riktig hjelp til rett tid, er ein avhengig av informasjon frå andre. Kven som helst kan melde om uro for eit barn til barneverntenesta. Barnet eller ungdommen sjølv, foreldre, familie, vener, privat nettverk og offentleg teneste er døme på meldar. Alle offentleg tilsette, samt ei rekkje yrke med profesjonsrelatert teieplikt, uavhengig av om vedkomande er tilsett i det offentlege eller den aktuelle kommune, har plikt til å gje opplysningar til barnevernet når det er grunn til å tru at:

- at eit barn blir utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller annan alvorleg omsorgssvikt, jf. barnevernloven § 6-4 første ledd

og

- når eit barn viser alvorlege åtferdsvanskar i form av alvorleg eller gjenteke kriminalitet, misbruk av rusmidlar eller ei anna form for utprega normlaus åtferd, jf. barnevernloven § 6-4 første ledd

**Som privatperson treng ein ikkje vere sikker på at noko er galt. Når ein har meldt ifrå er det barnevernet sin jobb å vurdere korleis meldinga skal følgjast opp.**

Den som har meldeplikt treng ikkje vere sikker på at barnet er i ein situasjon som skildra i barnevernlova § 6-4 første ledd, men det må føreliggje noko konkret som tilseier alvorlege manglar ved barnet sin omsorgssituasjon eller som tilseier at barnet har alvorlege åtferdsvanskar.

Meldeplikta etter barnevernlova inneber eit personleg ansvar for å melde, og går framfor lovbestemt teieplikt. Tilsvarande lovheimel finst og i *Lov om helsepersonell m.v.* (§ 33).

I Osterøy kommune kom størsteparten av meldingane frå offentlege meldarar som barnevernsvakt, politi og barneverntenesta sjølve, deretter skule, barnehage og helsestasjon. Delen meldingar frå private, det vere seg naboar, foreldre sjølve og familie for øvrig, har utgjort ein mindre del av samla meldingar, samanlikna med 2020.

Når det gjeld innhald i meldingane oppsummert, ser ein same tilhøva som i 2020 . Det har vore størst førekomst av meldingar i høve vald i nære relasjonar, høgt konfliktnivå i heimen/mellom foreldre, samt rus og psykiske problem hjå foreldre.

Sakar som handlar om vald i nære relasjonar krev at ein har særlege rutinar for gjennomføring av undersøkingar.

Dette er alvorlege saker som krev at ein vurderer trong for akutt intervensjon same dag som meldinga vert motteke. Leiar gjer ein initialvurdering og kallar inn til akutt meldingsmøte i undersøkingsteamet ved trong.

Ved avgjersle om akutt intervensjon ligg det føre ein oppsett rutine.

Dersom det vert vurdert at det ikkje er behov for akutt intervensjon, vert meldinga handsama i påfølgjande meldingsmøte. Meldingsmøta finn stad ein gong per veke.

**Meldingsmøte:**

- Gjennomgang av og konklusjon i nye meldingar.
- Vurdering av opplysningar om eventuell valdsutøving/alvorsgrad.
- Ved ny melding i kjent sak skal sakshandsamar kallast inn.
- Vurdere politimelding, eventuelt anonym drøfting med politiet. Ved politimelding skal det drøftast kva undersøking barneverntenesta kan gjennomføre medan politiet vurderer og eventuelt etterforska saka.
- Vurdere medisinsk undersøking av barnet.
- Vurdere om innhaldet/alvoret i meldinga kvalifiserer til avklaringsdag.
- Eventuelt planlegge avklaringsdag.

**Rutinar for avklarings dagar**

- Når barneverntenesta vurderer at det ikkje ligg føre grunnlag for å anmelde til politiet vert det gjennomført avklaringsdag etter “Klemetsrudmodellen”. Dette er ei røynslebasert metode for barneverntenesta sitt arbeid med vald i nære relasjonar.
- I løpet av same dag vert det gjennomført samtaler med barn og foreldre. Om det er uro knytt til vald frå foreldre har ein første samtale med barnet. Samtalen vert gjennomført i barnehage/skule med tryggleikspersonar til stades.
- Samtale med foreldre:
  - Først felles presentasjon av meldinga, deretter separate samtalar med kvar av foreldra parallelt.



- Undervegs tek ein pause i samtalane, der saka vert drøfta i team og med leiar. Vurderingane byggjer på om nye opplysingar har kome fram og om det er samsvar mellom informasjon frå barn, foreldre og meldar.
- Nye opplysningar kan føre til melding til politiet.
- Trong for plassering eller tryggleiksplan
- Ved gjenforeining vert det først ein felles samtale med foreldra.
  - Det vert gjort ein vurdering om gjenforeininga skal skje ved kontoret eller i heim.
  - Trong for heimebesøk same dag vert vurdert.

#### **Neste dag:**

- Samtale med barn på skule/barnehage.
- Samtale med foreldre.
- Undersøkingssak vert planlagt vidare med foreldre for å kartleggje familien sin trong for hjelp.

#### **Prosedurar for planlagde avklaringsdagar:**

Alle planlagde avklaringsdagar er sett saman av fire delar:

1. Planleggingsdag
2. Avklaringsdag
3. Oppfølgingsdag
4. Evalueringsdag

#### **Naudsynte vurderingar under planlegginga:**

- Involvering av andre instansar i planlegginga – skule/barnehage eventuelt andre
- Tryggleiksvurdering for sakshandsamar og eventuelt kontakt med politiet.
- Kontakte skule/barnehage for barnesamtalar.
- Avtale med barnehage/skule i høve deira ivaretaking av barna utover dagen.
- Kva informasjon ligg føre i saka?
- Trong for å hente inn ny eller ytterlegare informasjon?
- Streve etter at same sakshandsamarar pratar med barn og foreldre.

#### **4.2.4 Henleggje**

Ei melding kan henleggast på fleire forskjellige grunnlag:

- Av di den fell utanfor barnevernlova § 4-3
- Den vert vist til ein annan instans
- Den vert overført til barneverntenesta i ein annan kommune
- Det er ikkje grunnlag for gjennomgang (til dømes at barnet er over 18 år eller at meldinga er openbart sjikane).

#### **4.2.5. Opplysningsplikt**

Opplysningsplikta inneber ei plikt til å melde frå til den kommunale barneverntenesta ved alvorleg uro og er eit sjølvstendig og personleg ansvar. Plikta til å gi opplysningar fell ikkje vekk om ein på eigenhand forsøker å avhjelpe.

### 4.3.1 Fristar

Dersom det er rimeleg grunn til å tru at det er tilhøve som kan gje grunnlag for tiltak, skal barneverntenesta snarast og seinast innan tre månader undersøke tilhøvet. I særlege tilfelle kan fristen utvidast til seks månader. Barneverntenesta må grunngje kvifor det er «særlege tilfelle». Dette vil vere aktuelt dersom saka er spesielt kompleks, og det av denne grunn er trong for særleg omfattande og tidkrevjande undersøkingar. Særleg aktuelt vil dette og vere om familie eller ungdom unndreg seg kontakt med barneverntenesta. Omfanget av undersøkinga vil avhenge av bekymringane i den einskilde saka. Undersøkinga skal gjennomførast så skånsamt som mogleg og ikkje vere meir omfattande enn det som er naudsynt. Undersøkingar kan gjennomførast sjølv om familien ikkje ynskjer det. Første halvår 2021 har barneverntenesta ikkje hatt fristbrot i undersøkingar. I andre halvår har tenesta hatt fristbrot i 3 undersøkingssaker.

### 4.3.2 Medverknad

Barnet skal få høve til å medverke i undersøkinga. Barnet eller ungdommen sitt syn skal ein ta med i vurderingane i undersøkinga. Barn og ungdom skal ha informasjon om prosessen og dei avgjerslene som vert fatta. Foreldre og barn over 15 år er part i saka og har mellom anna rett til å sjå alle dokument i eigen sak. Denne retten vart lovheimla juli 2018.

For Osterøy barnevernteneste har dette vore i fokus dei siste åra. Også i 2021 har ein hatt eit klart fokus på å dokumentere barnet si stemme i vedtak som vert fatta, og at det kjem fram korleis ein har vektlagt barnet si stemme i vurderingane og konklusjonane som vert fatta. Leiar kontrollerer at dette vert gjort gjennom godkjenning av alle vedtak som vert fatta i tenesta.

### 4.3.3 Utfall av undersøking

- Ei undersøking vert henlagt om det ikkje er grunnlag for tiltak etter barnevernlova.
- Barneverntenesta set i verk *hjelpetiltak* med samtykke frå foreldre og barn over 15 år.
- Barneverntenesta henlegg saka med uro av di foreldra ikkje samtykker til hjelpetiltak, og det ikkje er grunnlag for å fremje sak for Fylkesnemnda med krav om at hjelpetiltak vert pålagt.
- Barneverntenesta forbereder sak for Fylkesnemnda om å pålegge hjelpetiltak, omsorgsovertaking eller plassering på barnevernsinstitusjon utan samtykke.
- Akutt plassering, sjå neste hovudoverskrift.

93 undersøkingar vart avslutta i 2021. 40% av desse konkluderte med henlegging utan at det vart sett i verk tiltak etter barnevernlova. Prosentvis er dette ein nedgang i henlagte undersøkingar samanlikna med 2020.

## 4.4 Akuttplasseringar

### Akuttplassering

Lovgrunnlag (Lov om barneverntjenester):

- § 4-6, 1. ledd, utan omsorg
- § 4-6, 2. ledd, fare for å bli skadelidande

- § 4-25, 2. ledd jf. § 4-24, åtferdsvanskar

Når eit barn eller ein ungdom står utan omsorg eller er i fare for å bli skada i sin eigen heim, kan barneverntenesta plassere barnet eller ungdommen i ein beredskapsheim eller i ein akuttinstitusjon.

Når ein ungdom kjem i ein alvorleg krisesituasjon grunna alvorlege åtferdsvanskar kan og ungdommen plasserast i ein akuttinstitusjon.

Målet med eit hastetiltak er å imøtekomme barn sin akutte trong for omsorg og tryggleik i ein krisesituasjon. Målsettinga med akuttarbeidet er å gje barnet:

- vern
- stressreduksjon
- føreseielegheit
- situasjonsavklaring

Gjennom heile den akutte situasjonen har barnet trong for omsorg, tryggleik, vern og stresshandtering. I tillegg til trongen for fysisk og emosjonell tryggleik er det viktig å bidra til at barnet får kjensla av kontroll og føreseielegheit.

Ved plassering strevar barneverntenesta etter å plassere i barn og ungdom i familie og eller nettverk. Frå 2022 er det eit lovkrav å undersøkje moglegheita for nettverksplassing. Det vil likevel være trong for å nytte statlege beredskapsheimar, institusjonar og kommunale og/eller forsterka fosterheimar.

## 4.5 Tiltak

### 4.5.1. Barn og unge med barneverntiltak

Hjelpetiltak er tiltak etter barnevernlova § 4-4. Målet med hjelpetiltak er å bidra til positiv endring hjå barnet eller i familien.

Hjelpetiltak kan både gjevast som tiltak i heimen eller som eit mellombels plasseringstiltak. Hjelpetiltaka som barneverntenesta tilbyr er som hovudregel frivillige og tufta på foreldra sitt samtykke. Hjelpetiltak kan og verte pålagt av fylkesnemnda om foreldra ikkje samtykker. Dette vert nytta i svært liten grad.

#### **Tiltak for å styrke barnet si utvikling**

- Besøksheim/avlastingstiltak
- Økonomisk hjelp for øvrig, til dømes i form av barnehage/SFO
- Andre tiltak for å styrke utviklinga til barnet

Økonomisk støtte skal ikkje vere ein stønad til livsopphold for familien, men komme barnet til gode, til dømes som tilskot til fritidsaktivitetar og ferieopphold. Tiltak som besøksheim og avlastningstiltak er ofte både grunngeve i foreldra sin trong for avlastning og barnet sin trong for å ha andre vaksenpersonar som har tid og ressursar til å gje dei særleg oppfølging på områder foreldra ikkje maktar å følgje opp.

Barneverntenesta kan også iverksette tiltak som sørger for at barn og unge får plass i barnehage eller skulefritidsordning, eller tiltak som stimulerer barna sosialt i fritida. Slike tiltak vil ofte innebere ein kombinasjon av avlasting for foreldra og hjelp til barnet.

### **Tiltak for å styrke foreldreferdighet**

Råd og vegleiing kan vera retta mot foreldre, mot barnet eller mot familien. Føremålet er å byggje på foreldra sine ressursar som omsorgspersonar for barnet slik at foreldra i størst mogleg grad vert sett i stand til å ivareta sine foreldrefunksjonar. Råd og vegleiing er i stor grad utført av Barn og familieteamet på tilvising frå barneverntenesta.

Døme på heimebaserte tiltak er Marthe Meo, situasjonsvegleiing og familieterapi. PMTO og MST er spesialiserte og kunnskapsbaserte hjelpetiltak som vert innhenta frå Bufetat.

### **Nettverksarbeid og samarbeid med andre tenester**

Deltaking i ansvarsgruppe eller samarbeidsmøte er eit viktig tiltak for å samordne alle hjelpetiltak barnet og familien har rett til. Familieråd vert nytta som eit verkemiddel for å inkludere familie og nettverk i avgjersleprosessar i barnevernsaker.

### **Plassering som frivillig hjelpetiltak**

Om frivillige hjelpetiltak ikkje er tilstrekkeleg for å sikre at barnet har oppveksttilhøve som sikrar deira helse og utvikling, har barneverntenesta eit ansvar for å finne andre moglegheiter for barnet.

Etter barnevernlova § 4-4 sjette ledd kan barneverntenesta som frivillege hjelpetiltak formidle plass til barnet i fosterheim, institusjon eller omsorgssenter for mindreårige. Villkåret for plassering utanfor heimen er at barnet må ha særleg trong for hjelp. I tillegg er det eit tilleggsvillkår at trongen ikkje kan løysast ved andre hjelpetiltak etter barnevernlova § 4-4.

Hjelp skal primært gjevast i heimen og plassering utanfor heimen skal berre nyttast når dette av ulike grunnar ikkje kan avhjelpe problema i det enkelte tilfellet. Målet skal i slike tilfelle vere at barnet kan flytte heim igjen så snart som mogleg.

Ein fosterheim er ein privat heim som tek imot barn til oppfostring. Til fosterforeldre skal det veljast personar som har særleg evne til å gi barn ein trygg og god heim, og som kan løyse oppfostringsoppgåvene i samsvar med dei føresetnadene som er lagt til grunn om opphaldet si lengd med vidare.

Institusjon: Det finnes ulike typar institusjonar i Noreg og dei fleste er retta mot ungdom som målgruppe. Institusjonar tilbyr plass til ungdommar som av ulike årsaker ikkje kan bu heime hjå foreldra eller i eit fosterheim. Barn som er under 12 år blir som regel plassert i fosterheim.

For året 2021 er omfanget om lag jamt fordelt mellom tiltak som er sett i verk for å styrke foreldreferdighet og tiltak som er sett i verk direkte mot barnet for å styrke barnet/ungdommen si utvikling.

I høve styrking av foreldra handlar det i stor grad om råd og vegleiing/miljøterapi og Marte Meo gjennom Barn og familieteamet samt tenester frå staten i form av MST og PMTO frå Bufetat.

I høve tiltak direkte mot styrking av barnet er barnehage, SFO og besøksheim tiltak som blir satt inn i stor grad. I tillegg set vi inn tiltaket fritidskontakt, økonomisk hjelp til aktivitetar og økonomisk støtte for øvrig.

## 4.5.2 Tiltaksplan

Når hjelpetiltak vert vedteke, skal barneverntenesta utarbeide ein tidsavgrensa tiltaksplan jamføre barnevernlova § 4-5. Barneverntenesta skal følgje nøye med korleis det går med barnet og foreldra og vurdere om hjelpen er tenleg, eventuelt om det er naudsynt med nye tiltak, eller om det er grunnlag for omsorgsovertaking.

Tiltaksplanen skal evaluerast regelmessig. Barnet skal få moglegheit til å medverke og påverke innhaldet i tiltaksplanen og evalueringa av tiltaksplanen. Barnets mening skal leggjast vekt i samsvar med barnets alder og modning.

Ved utgangen av 2021 mottok 61 barn hjelpetiltak frå barneverntenesta. 56 av desse hadde tiltaksplan. Av desse igjen var det 5 som ikkje hadde fått sin tiltaksplan evaluert. Dette er eit område som barneverntenesta har som uttalt mål for 2022 å forbetre. Når hjelpetiltak vert vedteke og sett i gang skal alle barn over skulealder få utarbeidd sin tiltaksplan saman med kontaktperson og denne planen skal evaluerast jamleg og med tilpassa førekomst.

## 4.6 Ettervern

Barnevernstenesta skal tilby barn som har hatt barnevernstiltak fram til dei fyller 18 år, tilbod om ettervern fram til den unge er fylt 25 år.

Når ungdommen sjølv samtykker til tilbodet om ettervern, skal tiltak som er iverksett før barnet fylte 18 år, oppretthaldast eller erstattast av andre tiltak fram til den unge har fylt 25 år. (Barnevernloven § 1-3 annet ledd)

Målet med ettervern er å gje ungdommen hjelp på vegen til sjølvstende som vaksen.

Aktuelle tiltak kan til dømes vere psykososial støtte, eller meir praktisk hjelp når det gjeld bustad, utdanning, jobb, økonomi og sosialt nettverk. Ettervern kan hjelpe den unge til å meistre overgangen frå eit liv med oppfølging av barnevernstenesta eller fosterfamilie til eit sjølvstendig tilvære.

Dei aller fleste av ungdommane som har hatt tiltak gjennom Osterøy barnevernteneste, ynskjer framleis tiltak etter fylte 18 år. Lista av kva tiltak som det kan vere trong for er uttømmende. I hovudsak er tiltaka økonomisk støtte til husleige og livsopphold før overgang til NAV, samt oppfølging av miljøarbeidar/-terapeut.

## 4.7 KVALITET

### **Kommunal forankring**

Frå 1. januar 2022 skal kommunen fremje gode oppveksttilhøve gjennom tiltak for å førebygge at barn og unge utsettast for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar.

Kommunen skal sørge for å samordne sitt tenestetilbod til barn og familiar. Heradsstyret skal også sjølv vedta ein plan for det førebyggjande arbeidet (§ 3-1).

Det vil kome ei endring i føresegna om kommunen sine oppgåver (§ 2-1). Det vil ikkje lenger følgje av lova at det er barnevernleiar som har ansvaret for oppgåver. Hovudformålet med endringa er å streke under og styrkje kommuneleinga sitt ansvar for den overordna styringa av barneverntenesta. Vidare vert det presisert at det er barneverntenesta sitt ansvar er å gje hjelp, omsorg og beskyttelse når det er nødvendig på grunn av barnet sin omsorgssituasjon eller åtferd (§ 3-1).

Uavhengig av at dette vil gjelde frå 2022 er dette noko tenesta saman med heile Familiens Hus har arbeidd med gjennom heile året. Dette arbeidet har hovudsakleg funne stad på leiarnivå.

## 4.8 Kompetanse

I 2021 har barneverntenesta framleis delteke i tenestestøtteprogrammet i regi av Statsforvaltaren. Utviklingsplan som blei utvikla har blitt evaluert og vil bli vidareført . Avsluttande samling vil vere i 2022 der og leiinga i kommunen er invitert. Programmet har dratt ut i tid grunna pandemien.

**Målet med programmet har vore å betre og å få meir heilskapleg kvalitet gjennom å;**

- Styrke kvaliteten på barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingar og avgjersler.
- Styrke kvaliteten på barneverntenesta sitt samarbeid med familiar om endringar gjennom hjelpetiltak
- Auke tenesta sin grunnleggjande traumeforståelse og innsikt i barn og unge sine ulike uttrykk og behov
- Styrke tenesta sitt arbeid med nettverksmobilisering og brukarmedvirkning

Ein tilsett ved tenesta har i 2021 gjennomført vidareutdanninga “Juss i kommunalt barnevernsarbeid”.

Ein tilsett har gjennomført “Vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge”

Alle tilsette i tenesta har delteke på opplæringa “Juss for kommunalt tilsett” i regi av Bufdir.

Leiar for barneverntenesta har i 2021 delteke på Lent prosessvegleiing og KS sin leiarutvikling saman med alle leiarar i kommunen. Måla med denne opplæringa er:

- Sikre best mulig *opplevd kvalitativt gode tjenester* for den enkelte innbygger i Osterøy kommune
- Styrke Osterøy kommune *som samfunnsutvikler* i realiseringen av deres nye kommuneplan
- Legge til rette for *omstilling og endring*
- Utvikle *høy lederkompetanse, profesjonalitet og trygghet i rollen*, slik at man klarer å lede gjennom andre og får tatt ut potensialet i den enkelte leder og ansatt

Nytt i barnevernsreforma frå 2022 vert det innført krav til kompetanse som vil gjelde frå 1 januar 2031.

For tilsette i tenesta som skal utføre konkrete oppgåver, innførast det krav til kompetanse på masternivå eller tilsvarande, eller med bachelor og minst fire års arbeidsrøynsle (§ 2-1 a).

Fleire dommar mot Noreg i Den europeiske menneskerettsdomstolen vil verke inn på arbeidet til barneverntenestene i tida framover. Alle tilsette i barneverntenesta vil i januar 2022 delta på opplæring i regi av Bufdir knytt til desse dommane. Dette for å vere førebudd på nye retningslinjer for det barnevernfaglege arbeidet.

Osterøy barnevernteneste arbeider for å ha ein kultur der kompetanse og kvalitet står sentralt i det daglege arbeidet. Tenesta oppmodar dei tilsette til å ta vidareutdanningar i tråd med tilråding frå BUFDIR som ein del av kompetansehevinga innan barnevern. Dette er vidareutdanningar som har tilskotsordningar.

## Vegleiiing

Osterøy barnevernteneste vurderer at vegleiiing og individuell oppfølging er viktig for alle tilsette, for å sikre forsvarleg sakshandsaming og hindre utbrentheit.

- Sakshandsamar får vegleiiing annankvar veke av leiar.
- Nytilsette får vekentleg oppfølging/vegleiiing.
- Leiar mottek oppfølging og vegleiiing av leiar for Familiens hus
- Osterøy barnevernteneste kjøper juridiske råd og tenester av Advokatfirma Stiegler AS
- Bedriftshelsetenesta har bistått tenesta i høve arbeidsmiljø og utarbeiding av aksjonsplan, ein handlingsplan i høve arbeidsmiljø.
- Leiar har saman med leiarane i Familiens hus delteke på vegleiiing i høve sjukefråværsoppfølging i regi av bedriftshelsetenesta.
- Nokre tilsette har i 2021 motteke individuell oppfølging frå Sense psykologteneste AS.

## Bemanning:

Tenesta har i 2021 bestått av 9 stillingar, 8 kontaktpersonar/sakshandsamarar og ein leiar. Yrkesgruppene har vore sosionom, pedagog, barnevernspedagog, vernepleiar og psykolog. I 2021 har barneverntenesta vore råka av eit høgt sjukefråvær. Noko av dette fråværet er grunna utfordringar knytt til arbeidsmiljø. Ved slutten av året har 3 tilsette sagt opp stillinga si. Dette i ei tid med store rekrutteringsutfordringar i barnevernet nasjonalt. Det har vidare ført til at og Osterøy barnevernteneste har hatt utfordringar med å få rekruttert nye medarbeidarar.

Barnevernfaglig AS har i denne perioden bistått tenesta med konsulenttenester for å handtere saksmengda opp mot lovverk og forsvarlegheit. Det vil vere trong for å nytte konsulenttenester fram til stillingane er besett.

I tida som kjem vil det vera viktig å byggje eit positivt omdømme for tenesta. Dette er eit fellesansvar for alle som arbeider i tenesta og kommunen si leiing, både administrativt og politisk.

## 4.9 Økonomi

Tal henta frå [Barnevern kommunemonitor \(bufdir.no\)](https://bufdir.no) Dette er og tal knytt til Kommunebarometeret.

Indikator	Økonomi	Osterøy (%)	Fylke (%)
1.	Utgifter til barnevern pr.barn i befolkninga 0-17 år (2020)	11 672 Kr	10 677 kr
2.	Utgifter pr.barn i barnevernet (2020)	120 057 Kr	152 295 kr
3.	Del av barnevernsutgiftene som går til saksbehandling (2020)	21,4 %	30,8%
4.	Del av kommunen sine totale utgifter som brukes på barnevern (2020)	3,9 %	3,5%

5.	Utgifter per barn som bur utanfor heimen (2020)	469 000 kr	440 172 kr
6.	Utgifter per barn som får tiltak i heimen (2020)	64 779 kr	45 307 kr

Samarbeid med andre sektorar

Samordning og samarbeid er svært viktig for å gje barn og familiar rett hjelp til rett tid. Alle tenestene har eit sjølvstendig ansvar for å gje den hjelpen dei er pliktige til etter regelverket. Eit av barnevernet sine nasjonale kvalitetsmål er at innsatsen skal vere samordna og prega av kontinuitet. Samordning og samarbeid inneber å koordinere «kven som gjer kva» sørge for at dei ulike tenestene arbeider mot same mål og at naudsynt og tilstrekkeleg informasjon vert delt mellom tenestene for å hjelpe barnet best mogeleg.

Derfor er det viktig å greie ut samarbeidet med andre aktørar og tenesteytarar i kommunen, for å sikre at barn får den hjelpa dei har trong til. Dette vil være et krav frå 2022 i samband med oppvekstreforma.

Dei mest aktuelle kommunale tenestene barnevernet samarbeider med, er Barn og Familieteamet, helsestasjon/skulehelseteneste, fastlege, NAV, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), skular og barnehagar.

Samarbeid med helsesektoren er i hovudsak i einskildsaker.

Barnevernleiar deltek på månadlege driftsmøte med Leiar for Psykisk helse og rus, leiar for Heimetenestene og leiarane i Familiens hus. Eit fokus i 2021 har vore ROS-analyse då særleg knytta opp til tryggleik i bygget både for innbyggjarane og dei tilsette. I dette arbeidet har det vore eit tett samarbeid med sektorleiarane for Helse og Oppvekst. Dette vil halde fram i 2022.

### Førebyggjande arbeid

Barneverntenesta har ei lovpålagt plikt til sikre at det er gode førebyggjande tiltak for barn og unge i kommunen. I Osterøy kommune er det etablert eit eige Barn og Familieteam. Dette er eit lågterskeltilbod, kor foreldre kan få rådgiving utan tilvising. Tenesta gir også vegleiing etter tilvising frå offentlege etatar, inkludert barneverntenesta. Vidare har Oppvekstsektoren faste felles leiarmøte som gjer tverrfagleg samarbeid enklare. Barneverntenesta har etablerte samarbeidsavtaler med helsestasjon, PPT og Barn og familieteamet.

Tenesta har og delteke i utviklingsteam som er etablert i skulane, samt at tenesta har vore ute i alle barnehagar og informert om barnevernet sitt arbeid. Dette som tiltak for å gjere det enklare for skular og barnehagar til å ta kontakt for råd, drøftingar og vegleiing.

2021 har vore prega av førebuingar til oppvekstreforma. Dette har først og fremst vore på leiarnivå. Barnevernleiar har saman med leiarane i Familiens hus delteke på ulike seminar med Statsforvaltaren. Det har vore ein prosess der barnevernsreforma har vorte ei oppvekstreform der trongen for samarbeid og ansvar mellom dei ulike tenestene og sektorane vert tydeleggjort. Ein har i denne prosessen erfart at vi som kommune er godt rusta til å møte reforma. Blant anna av di barneverntenesta er organisert i sektor for oppvekst, samarbeidet som er på leiarnivå både innafor sektoren og med andre sektorar, samlokaliseringa av Familiens hus og ikkje minst at kommunen allereie har eit Barn og familieteam.



## Utfordringsbiletet

Ved utgangen av 2021 står barneverntenesta i ein utfordrande situasjon i høve bemanning. I ei tid der det er store utskiftingar i barneverntenestene landet rundt, gjeld og dette i Osterøy. Det har vist seg at det å rekruttere har av ulike grunnar vore utfordrande. Det vil vere viktig for tenesta å få på plass tilsetjingar i ledige stillingar.

Siste halvår av 2021 opplevde tenesta meir enn ei halvering av bekymringsmeldingar. Det kan vere fleire grunnar til dette. Første halvår hadde ekstra høgt tal meldingar. Samstundes kan ein stille spørsmål om den store nedgangen kan skuldast gjentekne negative oppslag i media siste halvår med der tilhøyrande minkande tillit til tenesta. Dette vil i så fall vere alvorleg for dei barn og unge i Osterøy kommune som det då ikkje vil bli meldt bekymring rundt og med det ikkje vil kunne mota den hjelp dei har rett på og trong for. Om dette er forklaringa vil det vere særskild viktig at arbeidet med å byggje oppatt tilliten til barneverntenesta må gå føre seg på alle nivå i kommunen.

Frå 01.01.2022 er det endringar i barnevernlova og fosterheimsforskrifta som tydeleggjer innhaldet i barneverntenesta sitt ansvar for oppfølging av fosterfamiliar i kommunen, i dag og i framtida. Oppfølginga frå barneverntenesta skal vere heilskapleg og tilpassa det einskilde barn og deira fosterforeldre.

Det vert innført krav om at fosterforeldre skal ta imot grunnleggjande opplæring før eit barn flytter inn i fosterheimen. Vidare vert det stilt krav om at opplæringa som skal gjevast fosterforeldra skal vere i tråd med nasjonale faglege anbefalingar. Dette medfører fleire oppgåver og eit større ansvar på tenesta i høve fosterheimsarbeidet. Saman med Vaksdal skal 2 tilsette frå Osterøy og 1 frå Vaksdal få opplæring i Trygg base og Veilederskulen som ein del av kompetanseoverføringa frå Bufetat til kommunane. Dette for nettopp å møte det utvida ansvaret som ny barnevernlov gjer tenesta. Tenesta skal gje opplæring og gruppevegledning til fosterheimane og ta over oppgåver som tidlegare har vore utført av Bufetat. Dette kan føre til at ressursituasjon i tenesta vil ha behov for å bli auka.

Nytt lovfesta krav i høve kompetansen for tilsette i barneverntenesta gjer at tilsette i åra framover vil vere i vidareutdanning kombinert med jobb. Kommunen bør legge til rette for at dette kan gjennomførast på ein måte som gjer at ein kan auke kompetansen i tenesta. For året som kjem har vi ei usikkerheit knyta til korleis 2 år med pandemi vil påverke barn, unge og foreldre og om behova for hjelp har auka/endra seg. For tilsette i tenesta har det og vore utfordrande å jobbe med familiar under pandemien. Det har vore krevjande med stadige endringar og naudsynnte tilpassingar. Dagane i barneverntenesta er uføreseielege i utgangspunktet, men har i denne perioden vore endå meir krevjande.

Barneverntenesta har ei aukande uro for psykisk uhelse blant barn, unge og hjå foreldre. På landsbasis ser ein ei stor auke i hendingar til BUP i høve psykiske vanskar der ein til dømes med spiseforstyrningar ser at barna vert stadig yngre og stadig sjukare.

Tryggleiken til dei tilsette har vore eit fokusområde i 2021. Etter hendinga ved NAV Årstad og hendingar i eiga tenesta med valdsepisodar mot dei tilsette oppstod ein utryggleik for dei tilsette som har ført til at tryggleiksrutiner har vorte gjennomgått og revidert, samt at det er gjennomført ROS-analyse ved alle tenestene i Familiens hus. Trygge barnevernsarbeidarar er naudsynt for at ein skal kunne utføre godt barnevernfagleg arbeid i møte med barn, ungdom og foreldre. Tryggleiken og kjensle av tryggleik på arbeidsplassen er soleis av største betydning for dei tilsette.

## Innsatsområde og tiltak

### **Innsatsområde 2021:**

Barneverntenesta har gjennomført informasjonsmøte om barneverntenesta sitt arbeid i alle barnehagane og nokre skular i kommunen samt oppretta kontaktpersonar for kvar barnehage. Dette som ein del av arbeidet for at bekymring for eit barn og familiar skal bli avdekkja så tidleg mogleg i eit barns liv. Dette arbeidet er vidareført i 2021. I tillegg har tenesta hatt desse punkta:

- Delteke i Konsultasjonsteam for vald og overgrep
- Delteke i Tenestestøtteprogrammet i regi av statsforvaltninga som en del av kompetansehevingsplan for 2020-2021.
- Tenesta har deltatt på samlingar i læringsnettveket som en del av kvalitetsutviklinga i barneverntenestene. Også dette i regi av statsforvaltaren.

### **Tiltak 2022**

- Det skal utarbeidast samarbeidsavtalar med helsesektoren.
- Arbeidet med 10-faktor skal vidareførast
- Vidareføre arbeidet rundt tryggleiken i bygget.
- Vere ein aktiv part i innføring av Oppvekstreforma
- Vidareføre arbeidet uttrykt i Utviklingsplan for barneverntenesta
- Aktiv bruk av Aksjonsplan i høve arbeidsmiljø utarbeida i samarbeid med Bedriftshelsetenesta.